



VIK KOMMUNE

**VEDTEKTER FOR VIK KOMMUNE SITT
KRAFTFOND.**

Vedteke av Vik kommunestyre i møte den 21.6.2010

som sak 24/10.

Korrigert etter merknad frå Fylkesmannen.

§ 1. Heimel, kapital.

- Årleg innbetaling til næringsfond i medhald av konsesjon for Evanger kraftverk (eigar BKK):
Konsesjon av 04.03.1966
Konsesjon av 18.01.1980
- Årleg innbetaling av konsesjonsavgifter i medhald av konsesjon for Evanger kraftverk (eigar BKK):
Konsesjon av 04.03.1966
Konsesjon av 18.01.1980
- Årleg innbetaling av konsesjonsavgifter i medhald av konsesjon for Sognekraft/Statkraft:
Konsesjon av 26.07.1957
Konsesjon av 06.08.1965
Konsesjon av 27.06.1969
- Årleg avkastning frå fondet.

§ 2. Føremål.

Fondet skal nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemdar i Vik kommune. Fondet kan også nyttast til investering i kommunale fellestiltak som er med på å tilretteleggja for utvikling av næringsverksemd. Kommunen sitt tiltaksapparat retta mot næringsutvikling kan også finansierast av midlar frå fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld. Vidare kan det ikkje gjevast stønad til løpande drift av verksemdar eller kommunen.

§ 3. Stønadsformer.

Midlar frå kraftfondet kan nyttast til:

- Finansiering av Vik kommune sitt arbeid med næringsutvikling.
- Næringsutviklingsprosjekt.
- Tilskot til bedriftsutvikling herunder undersøking, planlegging og prosjektering, oppstarting, produktutvikling, marknadsundersøking/marknadsføring og opplæring. Jfr. reglement for tildeling av næringsstilskot.
- Kompetanseoppbygging som fellestiltak i næringa.
- Kommunale grunnlagsinvesteringar.
- Investeringar i bygningar, maskiner og utstyr til næringsformål.
- Kjøp av andelar/aksjar i utviklingsselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§ 4. Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtteområdet.

Bruken av midlane frå fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 5. Støttevilkår.

Samla stønad frå fondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje utgjera meir enn 50 % av samla kapitalbehov for prosjektet. Til prosjekt som har særleg stor

verknad for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % stønad.

§ 6. Forvaltning.

Kommunestyret vedtek eige reglement for tildeling av tilskot frå fondet.

Kommunestyret kan gjennom reglementet delegera til formannskapet og rådmannen å ta avgjerd i saker om tilskot frå fondet innanfor gjevne fullmaktsgrenser.

Fondsmidlane vert plassert som ein del av den totale finansforvaltninga i kommunen.

Kommunen si økonomiavdeling fører rekneskap for fondet. Rekneskapen for fondet er ein del av kommunen sin rekneskap og skal reviderast av kommunen sin revisor.

§ 7. Årsmelding.

Kvart år skal det leggjast fram ei melding om verksemda og rekneskap for fondet for kommunestyret. Gjenpart av meldinga skal sendast til Fylkesmannen og Fylkeskommunen.

§ 8. Godkjenning av vedtektene.

Vedtektene skal godkjennast av Fylkesmannen. Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Endringane må godkjennast av Fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast Fylkeskommunen.